



*Guds rose ljuvleg angar og skin i jordlivs natt. Når hennar ljøs oss fangar, ho vert vår beste skatt.
Me syng i englelag: No er det fødd ein Frelsar, og natti vart til dag. (NS 33)*

Nr. 4

63. årgang

Julen 2022



Jesus blir fødd

*frå bibelomsetjinga «Lett å lese 2020»
Lukas 2:1-20*

Det hende i dei dagar då Augustus var keisar. Han sende ut eit påbod. Han ville halda folketeljing i heile verda. Alle skulle skriva seg inn i lister. Dette var den første innskrivinga. Det var medan

Kvirinius regjerte i Syria. Alle drog av stad for å skriva seg inn, og alle drog til sin eigen by.

Også Josef drog av stad. Han kom frå byen Nasaret i Galilea. Han drog opp til byen dei kallar Betlehem. Dette er Davids by. For Josef var frå slekta til

kong David. Josef skulle skriva seg inn saman med Maria. Ho var lova bort til Josef, og ho venta barn.

Medan dei var i Betlehem, hende det: Tida var komen, og ho skulle føda. Og ho fødte sonen sin. Han var det første barnet ho fødte. Ho la eit teppe rundt

han. Så la ho han i ei krubbe, i høyet til dyra. For dei fekk ikkje plass der menneska sov.

Gjetarane får sjå barnet

Det var nokre gjetarar i området. Dei var ute på marka. Dei heldt vakt over flokken sin om natta. Då stod ein engel frå Herren framfor dei. Eit lys frå Herren stråla omkring dei. Gjetarane vart frykteleg redde. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Høyr, eg kjem til dykk med godt nytt. Det er ei glede for heile folket. Han som skal berga dykk, er fødd i dag. Han er Kristus, den som Gud har salva. Han er Herren. No er han fødd i Davids by. Og dette skal de ha til teikn: De skal finna eit lite barn. Det er sveipt i eit teppe og lagt i ei krubbe, i høyet til dyra.» Brått fekk dei sjå ein stor hær frå himmelen, som stod saman med engelen og song:

*«Ære til Gud i det høgste
og fred på jorda blant menneske
som Gud har glede i.»*

Så var englane borte. Dei drog attende til himmelen. Då sa gjetarane til kvarandre: «Vi dreg inn til Betlehem. Vi vil sjå det Herren har fortalt oss.» Dei

skunda seg dit. Dei fann Maria og Josef og det vesle barnet. Barnet låg i krubba, i høyet til dyra. Gjetarane fekk sjå det. Så byrja dei å fortelja kva dei hadde høyrte. Dei fortalde alt som engelen hadde sagt om dette barnet. Alle som var der, høyrde på. Og dei undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria tok vare på det dei sa. Ho tenkte lenge og grundig på det i hjartet sitt.

Gjetarane drog attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde sett og høyrte. Alt var slik som engelen hadde fortalt dei.

«**Heilage rom for alminnelege liv**» er overskrifta for folkekyrkja her i Hamar bispedømme. Det er desse to, det heilage og det vanlege, som møter kvarandre om og om igjen – i gudstenester, andaktar, konsertar, trusoppplæringstiltak, gravferder, i dei gode handlingane, ja og mange fleire stader og situasjonar. Det heilage og det vanlege møtest.

Forteljingar frå då Jesus vart fødd er også det; eit møte mellom det heilage og det vanlege. Eg trur dei påverkar

kvarandre! Kven har ikkje teikna ein glorie, ikkje berre over Jesusbarnet og Maria, men også over stall og husdyr? Eit ønske om å få vist fram at dette er stort! Magisk, ja - heilag, det me opplever her saman. Ikkje så lett å ta i kanskje, dette heilage, så ei glorie får gjere nytta på teikninga. Eller, kanskje er det nærare enn me tenkjer oss, det gode, det som er større enn oss, det heilage, bruke nettopp det vanlege og fysiske: ein fødsel, ein stefar, og eit fjøs, for så å seie å bevise at det heilage har sitt naturlege rom her i det vanlege, her mellom slike som oss.

Eg kjem nok framleis til å teikne gul ring over både stallen og sjølve Jesusbarnet, for verkeleg å få fram at jo, det heilage er midt mellom oss – der Gud sjølv ser ut til å trivast aller best.

Alt godt for advent og julehøgtida til deg og dei rundt deg. Hugs å sjå etter det heilage, og viss ikkje: teikn ein glorie, så ser du det betre sjølv også.

Ingebjørg Vik Laugaland
Sokneprest i Vang

VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord
Kyrkjetenar: Ola Bøland
Soknerådsleiar: Rita Helen Dalemark
rita.helen.dalemark@vang.kommune.no
Kontonr: 2146.60.18764
Vipps 590297

HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Solveig Heimlid
Kyrkjetenar: Tore Hovda
Kyrkjevevje: Håkon Berge
Soknerådsleiar: Ragni Almenning
ragni.almenning@gmail.com
Kontonr: 2146.30.09721
Vipps 129651

ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715
2978 Tyinkryssset

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland
Kontonr: 2146.60.04674
Vipps 118656

HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongslie
Kyrkjetenar: Odd Helge Rudi
Kyrkjevevje:
Soknerådsleiar:
Marta Bjørnøy Lalim
martalalim@gmail.com
Kontonr: 2146.30.09969
Vipps 544817

ØYE KYRKJE OG ØYE STAVKYRKJE

Øyevegen 130/135
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland
Kyrkjevevje: Ove Trøen
Soknerådsleiar: Torild Øye
torild1707@gmail.com
Kontonr: 2146.20.55304
Vipps 118656

TILSETTE:

Sokneprest:
Ingebjørg Vik Laugaland
Tlf: 926 53 320
e-post: il597@kirken.no
Presten har kontor på Drengestøga.
Ta kontakt på telefon for avtale.

Kyrkjekontoret på Klokkarhaugen
Dagleg leiar: Guro Hovda
Tlf: 412 65 178
e-post: gh575@kirken.no
Kontortid: 08.30-15.30

Kantor i alle kyrkjer: Arthur Bødvytis

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:
Nils Bjarne Wangensteen
Tlf: 926 67 124
Felles e-post:
post.vangivaldres@kirken.no

Neste menighetsblad utkommer uke 13, frist for innsending av tekst og bilder er 3. mars 2023. Bidrag sendes på epost til vangmenighetsblad@gmail.com

Framsidedfoto: Ivar Hagerup.

Besøk nettsiden kirken.no

På kirken.no kan du finne mye interessant kirkestoff, både fra hele landet og fra Vang. Om du kikker nedover sida, til «Andre nettsted», ser du det står «Skjerikirken». Der kan du velge den kommunen du vil se info fra. Velger du Vang, finner du alle aktiviteter som skjer i kirkene her.

Takk til biskop Solveig

Biskop Solveig Fiske har sin siste arbeidsuke i skrivende stund, og når du leser dette er ny biskop ansatt. Solveig er takka i mange sammenhenger, blant annet da seks av de ansatte i Vang var på fagdager for kirkelig ansatte på Hamar i oktober. Hun har vært en god og tydelig biskop, som har satt spor etter seg over hele bispedømmet. I Vang har hun hatt to visitaser, der mange har

fått treffe henne. Det blir spennende å se hvem som overtar bispestolen etter henne.

Varme Vangskirker i desember

Strømprisen påvirker i varierende grad om kirkene kan være åpne i advents- og juletida mange steder i landet. I Vang har vi ikke tømt strømbudsjettet enda, så her blir kirkene både varme og opplyst. Det er vi glad for.

Ny kirkeverge

Kanskje mange har sett at vi har utlyst kirkevergestillingen i Vang. En liten kommentar til det: Vi mista sekretæren på kirkekontoret, og da ville fellesrådet og jeg se på om en omregulering var mulig. Jeg nærmer meg tida for at jeg vil bli pensjonist, og for å få til en god periode med overlappning, går jeg over i



en rådgiverstilling når ny kirkeverge er på plass, forhåpentligvis 1. mars. Jeg går også over på 20 % med AFP fra 1. juni og så jobber jeg i alle fall ut 2023. Så får vi se ... Sekretæroppgavene fordeles på soknepresten og meg, og ny sekretær ansettes når jeg slutter helt. Det er spennende å ha en stillingsannonse ute, og vi håper at vi får mange gode søkere.

Jeg ønsker alle en god adventstid og juletid.

Guro Hovda



Julehelsing

«Fred i vår tid» uttala Storbritannia sin statsminister i 1938 etter eit møte med Hitler i Tyskland og underskriving av den såkalla München-avtala. Så feil kunne han ta. Og hadde me sagt det same for eit år sidan, «Fred i vår tid», iallfall her i Europa, hadde me også teke så ufatteleg feil.

Det meste som opptek oss om dagen har sin bakgrunn i Russland sin aggresjon og krig i Ukraina. Det nyttar ikkje på nokon måte å forstå korleis denne krigen kunne oppstå. Konsekvensane ser me dagleg i media, bileta og videoane er urovekkande, grufulle, ja heilt forferdelege. At det kan gå an! Me i Vang må også forhalda oss til dette, og mange har verkeleg fått vist omtanke, varme og vilje til å hjelpe dei mange flyktningane frå Ukraina som har kome hit til Vang mottak. Nokre har me fått busett i Vang. Hjarteleg velkomne til dei og andre flyktningar som no har tilhaldsstad i Vang. Eg rettar også ein stor takk til alle som har bidrege i dette viktige arbeidet i Vang.

Mange har i løpet av året fått kjenne på sorg og smerte over å mista eit familie-medlem, ein nær venn eller kjenning. De har det kanskje ekstra tungt i den tida me er inne i no. Men me tenkjer på dykk, og de har mange rundt dykk.

Trass i krigen, sorg, aukande prisar, vanskeleg å få tak i enkelte varer og ei rente som er på tur opp; det er snart jul! Adventstida og førebuingane til jul blir kanskje meir og meir viktig. Det kristne budskapet druknar kanskje litt i det heile, men dette at dei aller fleste gleder seg til jul, at me gjer ting i saman, at me syng og spelar i saman og byggjer oss opp forventningar, er veldig fint. For sjølv om det er litt tøffe tider i samfunnet, må me aldri gløyme å glede oss over desse små, men viktige tinga i livet. Julefeiringa er jo fyrst og fremst for dei små. Eg registrerer at det blir født mange nye vangsgjeldingar om dagen og fleire er på gang. Det er så gledeleg, det er så flott. Så berre hald fram med det, me tek imot alle med opne armar! Velkomne til verda!

Denne jula håpar me også å få gjennomført Romjultreff for alle dei fine ungdommane våre. Noko som ikkje har vore mogleg dei seinare åra på grunn av pandemien. Elles er også det meste i samfunnet tilbake ved det normale etter pandemien. Det er bra!

2023 står snart føre oss. Vanskeleg å spå om kva det året vil bringe. Ting skjer så fort i våre dagar, endringar gjerne over natta. Då er det viktig at me i kommunen kan oppleve å vere trygge, føle oss sett og verdsett. Der må ordføraren gå føre, men me er heilt avhengige av at alle kan bidra. Me treng kvarandre, me lyfter kvarandre opp og fram. Eg har tru på framtida. Eg har tru på 2023. Eg har tru på eit godt liv i Vang.

Retteleg god jul og godt nyttår til dykk alle!

Vidar Eltun

Mi julesalme

Hvorfor liker jeg den? Det var min morfar, som jeg kalte Beppe, sin favoritt julesalme, han spilte trompet og kornett og spilte ofte denne i jula. Det gir meg gode minner om min gode, snille og alltid humoristiske Beppe. Den har også blitt min favoritt julesalme. I tillegg synes jeg teksten er utrolig vakker, den gir budskap om håp midt i alt det mørke.

Heidi Haugan Tindvik

Det hev ei rose sprunge
ut av ei rot så grann.
Som fedrane hev sunge:
Av Isais rot ho rann,
og var ein blome blid
midt i den kalde vinter
ved mørke midnattstid.

Om denne rosa eine
er sagt Jesajas ord.
Maria møy, den reine,
bar rosa til vår jord.
Og Herrens miskunnsomt
det store under gjorde
som var i spådom sagt.

Guds rose ljuvleg angar
og skin i jordlivs natt.
Når hennar ljøs oss fangar,
ho vert vår beste skatt.
Me syng i englelag:
No er det fødd ein Frelsar,
og natti vart til dag.



Salmen benytter den symbolske bruken av rosen for å beskrive Maria som spirer fra Isai-treet som Guds mor (altertavle, St. Lambrecht's Abbey) Foto: Rollroter - Own work, CC BY-SA 4.0 Wikipedia.

Jul i kyrkjene i Vang

Søndag 5. desember :
Øye kyrkje kl. 19.00

Lysmesse med konfirmentane
og staben i kyrkja

Fredag 9. desember :
Vang kyrkje kl. 18.30

Konsert: Jul med Valdresmål
... og meining.

Tysdag 13. desember:
Høre stavkyrkje kl. 19.00

Julestemning med Høre
mannskor, hardingfele frå
kulturskulen

Torsdag 15. desember:
Vang kyrkje kl. 19.00

Julestemning med Vangskoret
og staben i kyrkja

Måndag 19. desember *
Heensåsen kyrkje kl. 19.00

Julestemning med Fjellblom
musikklag, Vebjørn Høyme og
staben i kyrkja

1. juledag

Vang kyrkje kl. 12.00
Høgtidsgudsteneste ved
*sokneprest Laugaland og
organist Budvytis.

Julaftan:

Høre stavkyrkje *
Gudsteneste kl. 11.00

Heensåsen kyrkje *
Gudsteneste kl. 13.00

Heensåsen kyrkje *
Gudsteneste kl. 15.00

Alle gudstenestane på julaftan
er med sokneprest Laugaland
og organist Budvytis.

Fred på jorda

Her eg sit og skriv har eg akkurat starta dei siste vekene som biskop.

Eg vil nytte høvet til å takke for alle møtepunkt rundt om i Hamar bispedømme. Eg ser for meg mange ansikt og ber med meg mange varme handtrykk frå ulike situasjonar. Hjarteleg takk og alt godt vidare!

Fred på jorda!

Vi lengtar etter nettopp det som den store hæren frå himmelen song den fyrste julenatta:

«Ære til Gud i det høgste
Og fred på jorda
blant menneske som Gud har glede i.»

Vi er i ei tid prega av uro over den spente krigssituasjonen i Europa og uvisse inn mot kva som vil skje vidare. Eg kjenner at engelens ord: «Ver ikkje redd» og englekoret som syng og ber om fred på jord, set ord på eit ønske, ein draum og eit håp som inspirerer til å tru på og arbeide for rettferd og fred.

Songen på Betlehemsmarkene viser vegen til Gud i krubba. Det evige strøymde inn i same augneblink som barnet vart fødd. Og Jesu fødsel set i gang ei rørsle som aldri har stansa.

Barnet som vart fødd, er eit håp og ein



Biskop Solveig. Foto: Liv Torhild Braathen

kjærleik. Dette vil alle som har halde eit lite nyfødd menneske i hendene, kunne kjenne. Det er nært og stort, vakkert og meningsmetta. Våre røynsler blir sett i eit svimlande perspektiv i møte med fødselen i Betlehem og songen frå englane. Det lyfter alle nyfødde barn opp mot himmelen og inviterer til å gjera det verkeleg: håpet, draumen og bønna om fred på jord.

Jesusbarnet er ein liten knopp som er sprengfull av håp, også i dag. Med juleevangeliet si grensesprengande kraft opnast livets kjelder og framtidshåp for alle menneske, og Kristi kjærlege ljøs held oss fast i framtid og håp, for livet her og for all æve.

**Velsigna julehøgtid!
Solveig Fiske**

1. I begynnelsen var Ordet.
Ordet var hos Gud,
og Ordet var Gud.
2. Han var i begynnelsen hos Gud.
3. Alt er blitt til ved ham,
uten ham er ikke noe blitt til.
Det som ble til
4. i ham, var liv,
og livet var menneskenes lys.
5. Lyset skinner i mørket,
og mørket har ikke overvunnet det.
6. Et menneske sto fram, utsendt av Gud. Navnet hans var Johannes.
7. Han kom for å vitne. Han skulle vitne om lyset, så alle skulle komme til tro ved ham.
8. Selv var han ikke lyset, men han skulle vitne om lyset.
9. Det sanne lys,
som lyser for hvert menneske,
kom nå til verden.
10. Han var i verden,
og verden er blitt til ved ham,
men verden kjente ham ikke.
11. Han kom til sitt eget,
og hans egne tok ikke imot ham.
12. Men alle som tok imot ham,
dem ga han rett til å bli Guds barn,
de som tror på hans navn.
13. De er ikke født av kjøtt og blod,
ikke av menneskers vilje
og ikke av manns vilje,
men av Gud.
14. Og Ordet ble menneske
og tok bolig iblant oss,
og vi så hans herlighet,
en herlighet som den enbårne
Sønn har fra sin Far,
full av nåde og sannhet.



Engelen over prekestolen i Hamar domkirke viser det biskopen formidler i andakten: «Ver ikkje redd»

Joh 1,1-14

Konsert med Stevia

Laurdag 24. september inviterte Heensåsen kyrkje til konsert med den vokale trioene STEVIA. Sentral i denne trioene er Ingrid Randi Wangensteen Flore, som vaks opp på Åsvang. Ho har no busett seg i Stryn, der hennar to naboar Bente Flore og Gunnhild Sindre er resten av trioene. Oppstarten til gruppa var at Gunnhild og Ingrid Randi hadde ønske om å synge saman ved eit sosialt høve i bygda. Kjekt som dette var, så var det naturleg å ta med ein nabo til, og slik kom Bente med. Dei samlast gjerne rundt bordet i stova til Ingrid Randi, der dei prøver seg fram/improviserer seg fram til deira arrangement i saman. Mange av songane vert til på dette viset. I starten var folkemusikken viktig for dei, og namnet Stevia kjem av at dei hadde mykje fokus på folkesong og stev.

Men, konserten i Heensåsen kyrkje denne laurdagen hadde og fleire innslag frå andre musikkformer. Konserten starta med Delta Dawn, som var ein kjent melodi med Tanya Tucker frå syttitalet. Denne vart flott framført oppe frå galleriet. Gjennom konserten fekk vi og mellom anna høyre Sound of Silence og Scarborough Fair av Simon & Garfunkel, og Glen Miller sin In the Mood. Barbershop og svensk visetradisjon var og med i programmet. Dei avslutta med teksten Festen er slutt/Mazurka av Einar Skjæråsen, der dei hadde brukt ein melodi frå folkemusikken til teksten. Eg synest at dette var ein særst flott konsert med gode arrangement og god vokalitet frå Stevia.

Gruppa hadde og invitert Vang kulturskule til å delta på konserten, og her stilte Halvor Heensåsen Søndrol opp og spelte to stykker. Han hadde flott og sikker framføring av mellom anna musikk frå A Phantom of the Opera (Loyd Webber), og han presenterte sjølv det han skulle spele. Veldig bra, Halvor!

Ingrid Randi nytta og høvet til å skryte av oppveksten ho hadde fått her på Åsvang, der ho fekk vere med i korps, ski og alt som elles var moro. Ho sa ho tykte det var kjekt å koma attende, og eg veit at eit stort publikum var einig med henne i at det var kjekt at ho kom attende denne kvelden.

Oddbjørn Skeie, Vang kulturskule

Stevia og Halvor, med Halvor sin pianolærer Jovita Budvytiene til venstre



Vang kommune
ynskjer lesarane god jul
og godt nytt år!

Vidar Elken

Vidar Eltun, Ordfører



Markering av eldredagen i Øye samfunnshus



Allsang, dans, latter, servering og god stemning. Det høres ut som ein skikkeleg god feiring av eldredagen 2022!

Kvart einaste år markerer alle kommunar i Noreg eldredagen, og Vang er intet unntak! Her er det Vang eldreråd og Vang pensjonistlag som står for arrangement av den store, viktige dagen. I år vart dagen markert ved Øye samfunnshus. Med tettpakka program og storstilt oppmøte var det ikkje til å unngå at dette vart ei fin markering av eldredagen 2022.

Gerd Svien Marken opna med å fortelle om årets tema: digital inkludering. Fleire eldre i dag står i fare for å falle utanfor samfunnet om dei ikkje er ein del av den digitale utviklinga. Frivilligsentralen og Vang folkebibliotek har fleire gongar tatt digitalt grep og arrangert datakafé. No er dei på utkikk etter fleire som kan bidra her, og Gerd oppfordra alle som sit på kunnskap og vil bidra, om å ta kontakt på Frivilligsentralen.

Neste ut på agendaen var Janne Colbjørnsen frå biblioteket. Ho fortalte om eldre og leselyst og alle moglegheiter som finnes på biblioteket. Ho oppfordra til å bruke biblioteket som ein god møteplass i bygda. I tillegg lagde ho særdeles god stemning i salen med si fengande høgtlesing.



Bygdas nye folkehelsekoordinator og frisklivsrettleiar var og på plass for å presentere seg og sitt arbeidsfelt. Caroline Marlen Solid Bryntesen er fersk i stillingane sine, men var likevel klokkeklar om at folkehelse er bredt og favner mykje. Ho fortalte om styrke- og balansetrening på Vangsheimen og oppfordra alle til å huke tak i ho om dei lurte på noko, eller følte at eit tilbod mangla.

Vang gla' dans var på plass for å løfte stemninga til taket og tro taktfullt rundt i salen medan dei svinga seg rundt.

Med mat og kaffeservering, godt krydra av allsang mellom slaga, kan ein oppsummere eldredagen 2022 i Vang som ein veldig fin dag!



**Tekst og foto: Ida Nordland Hillestad
Innovangsjon**

Velkommen til Vang kulturskule sin julekonsert!

Måndag 5. desember kl 18.00 har Vang kulturskule julekonsert i Vangshallen. Det har vore tradisjon å ha denne i Vangshallen med teleskoptribune, lyd og lys, og det satsar vi på i år og. Her vil det bli innslag frå piano, teater, barnekor, dans, hardingfele med meir. Kjekt i år er det at vi og har fått eit par nye på cello. Konserten er open for alle og det er fri inngang.

Det er nokre ledige plassar i Vang kulturskule, og etter nyttår tek vi gjerne i mot søknad på piano, dans og kunst-

verkstad. Vi vil og vurdere søknadar på andre fag. Kunstverkstad med Ingvild Oldre Heggom er no lagt til kl. 18.00 på onsdagar i Høre samfunnshus. Kulturskulen vonar at dette tilbodet vert omtykt i Høre og Ryfoss regionen!

Vang kulturskule er glad for å bli brukt på ymse arrangement i vår kommune, og билетet viser Eskil Kjøs som spelar under opninga av kunstutstillinga til Eline Medbøe i Vang folkebibliotek laurdag 29. oktober.

Oddbjørn Skeie



Den usynlige mannen

Det er en som ikke er så synlig under gudstjenestene: organisten, Artur Budvytis. Derfor har jeg satt meg fore å la menighetsbladets lesere bli litt mer kjent med ham. Under en lang, hyggelig prat forteller han villig og engasjert.

De fleste vet sikkert at Artur opprinnelig kommer fra Baltikum – født og oppvokst i Tallinn, hovedstaden i Estland, med litauisk mor og estisk far. Hjemme snakket de mest litauisk – som er et helt annerledes språk enn estisk. På skolen lærte de selvfølgelig også russisk, ettersom Estland var en del av Sovjetsamveldet til 1991.

Artur begynte å spille piano på en liten musikk-skole i Tallinn som 7-åring. Han hadde en dyktig lærer, som tidlig så hans potensiale og anbefalte ham å søke opptak på en stor kulturskole i Litauen, kanskje den beste i Baltikum. Her begynte han som 10-åring og måtte da bo på internat. Det var nokså hardt for en 10-åring å flytte hjemmefra, så barndommen var ikke så lett, selv om det var mye fint også. Skolen hadde linjer for ballett og bildende kunst i tillegg til to musikklinjer – og selvfølgelig vanlig skole med språk, matematikk, samfunnsfag osv. Etter 12 års skolegang var det stor avslutning med oppsetning av en operaforestilling, hvor avgangselevne på alle linjene hadde hele oppsetningen. Artur selv hadde piano og kordirigering som musikkfag, og ettermiddagene gikk i stor grad med til øving og perfektionering i musikk. I ettertid ser han at dette kanskje ble for mye. Men dette var en eliteskole som dyrket enerne. Kom man fra denne skolen, var det f.eks. ikke nødvendig å gjennomgå opptaksprøve til utdanning på musikk-konservatorium – man var automatisk kvalifisert. Mange av elevene reiste til utlandet senere for å få en internasjonal karriere – hovedsakelig til Vesten, for studier i Russland var lite populært etter frigjøringen.

Etter skolegang i Vilnius måtte han ta et valg – fortsette med musikken eller flytte hjem og hjelpe mor, som var alene om å drive en butikk i Tallinn. Han følte at det siste var det riktige å gjøre, så han tok en pause fra musikken og tok utdanning i merkantile fag, samtidig som han hjalp henne med butikken. Tre års jus-studium ble det også tid til. Mor utvidet etter hvert virksomheten til å omfatte to butikker, kafé og biljardsalong, og selv etablerte Artur sin egen bedrift innen transport og logistikk. På det meste hadde han 30 drosjer gående i Tallinn. Han beskriver dette som en interessant tid, men også slitsomt, med høyt tempo, hele tiden tilgjengelig for kunder og ansatte. Økonomien var svært bra, men det er jo ikke alt her i livet. Så måtte han til slutt stoppe opp og tenke: «Er det dette jeg vil?», «hvorfor driver jeg med dette?», «hva er viktigst og riktigst i livet?» Det endte med at han nok en gang brøt over tvert og begynte på nytt: i 2017 flyttet han med familien, inkludert mor, til Skjåk og fikk jobb som lastebilsjåfør.

Han likte seg godt i Skjåk – det var et lite samfunn, med godt samhold i bygda. Etter hvert fikk han høre at Skjåk kirke trengte organist – og kirken var viktig for ham i Skjåk, så vel som den hadde vært i oppveksten i Tallinn og i Vilnius. Da begynte musikerhjertet å banke igjen, trangen til å ville



Artur viser frem sitt yndlingsbilde: *Pianisten II* av Karl Heldal

hjelpe dukket opp igjen, og han tenkte at steget fra pianist til organist ikke var så veldig langt. Som tenkt så gjort. Han begynte i 40 % stilling som organist i Skjåk, men fant jo ut at det var vanskelig å kombinere med arbeid som lastebilsjåfør. Og 40% inntekt ble magert. På et kurs var han blitt kjent med vår tidligere organist, Veronika. Hun tipset ham om at Vang ville få ledig 80 % stilling, og vips! kom Artur hit. Det var vanskelig å forlate Skjåk, men totalt sett var mulighetene større i Vang.

Artur har allsidig musikksmak og spiller like gjerne klassisk musikk som jazz, pop og rock. Han skiller bare på god og dårlig musikk, ikke på sjanger. Han har tatt mange kurs innen kirkemusikk, sist «Lek med orgel og piano» og «Rytmaskirkemusikk». Han sier han aldri blir ferdig som pianist eller organist, han vokser musikalsk hele tiden. Derfor – og fordi han hadde ledig tid og kapasitet og av hensyn til økonomien – har han i tillegg begynt i 20 % stilling som organist i Nord-Aurdal. Selv om det er mye helgearbeid, fungerer dette greit, synes han, ettersom det godt kan være kveldsmesse her i Vang og formiddagsmesse i Nord-Aurdal, eller omvendt. I Nord-Aurdal har han fått et større musikalsk nettverk, så han synes denne kombinasjonen av jobber er gunstig også for jobben hans i Vang.

Han angrer ikke på at han flyttet, hverken til Norge eller til Vang. Selv om økonomien ikke er den beste, er dette ikke noe hovedpoeng i livet. Han er blitt glad i naturen her, folket her, og kollegene.

Etter som vi prater og jeg blir mer kjent med ham, får jeg større og større respekt for Artur. Han har tydeligvis evnen til å stoppe opp og tenke, til å kjenne på hva som er viktig i livet, og ikke minst: til å gjøre noe med det. Han har tatt avgjørende, bevisste valg som har endret retningen på livet. Og det er en mann som ikke stopper å utvikle seg. Det står det respekt av!

Tekst og foto:
Sidsel Offergaard Jevne

Julehilsen fra Mottaket

Da er epoken som akuttinnkvartering i Vang over, og vi har gått over i ordinær drift. Hero Norge vant anbud på drift av ordinært mottak her i Vang.

Oppstartsdatoen var 17. oktober og vi var spent på hvordan overgangen ville bli. Den største forskjellen er at vi nå drifter som selvhushold og ikke kantine/catering. Beboerne har tatt overgangen på en forbilledlig måte, og vi er nå godt innarbeidet med selvhusholdet.

Fra akutt til ordinært gir også noen andre endringer. Alle uten kollektivbeskyttelse (dette gjeld ukrainere) skal tilbys norskopplæring. Videre vil beboerne i mottaket få større utbetalinger, siden de skal holde maten selv. Dette vil mest sannsynlig gi økt handel for dagligvarebutikken i Vang, noe som er positivt for hele Vang kommune.

Vi har fortsatt en klar overvekt av ukrainere ved mottaket, men ser at det begynner å komme andre nasjonaliteter.



Kjekt å se at tidligere beboer søker seg til Vang. Håper det er et tegn på at vi driver og har drevet mottaket på en god måte. Kommunen er veldig flink til å tilrettelegge for samhandling med mottaket, og jeg håper vi kan fortsette dette gode samarbeidet i årene som kommer.

Jeg vil på vegne av alle beboerne og alle ansatte ved Vang N2 Mottakssenter få ønske alle i Vang en riktig god og fredfull jul, og et godt og fremgangsrikt nytt år.

Henrik Rønningen
Mottaksleder

Fokus på folkehelse

Caroline Marlen Solie Bryntesen er ny folkehelsekoordinator og frisklivsrettleiar i Vang kommune, og klar for å ta eit slag for folkehelse i bygda.

Som folkehelsekoordinator er det mange spennande prosjekt i Vang å involvere seg i, slik som «Leva heile livet» og «Oppvekstløftet», samt ein revidering av Folkehelseoversikten, som skal brukast i kommuneplanens samfunnsdel neste år.

Frisklivssentralen er også ope og går for fullt, med individuell oppfølging og 12-vekers frisklivsresept, samt gruppetreningstilbod. Frisklivssentralen er eit lågterskeltilbod, ope for alle som kunne tenke seg oppfølging relatert til livsstilsendringar. Ein kan bli henvist av lege, fysioterapeut, psykisk helseteneste eller ta kontakt sjølv direkte til frisklivssentralen.

Som frisklivsrettleiar er Caroline også involvert i prosjektet «Ung i Vang», der

ein jobbar førebyggjande med ungdom både på skulen og på ungdomsklubben. Det jobbast med oppstart av «Smaksverkstedet», samt ei fritidskasse som skal vera med på å inkludere barn og unge i organiserte eller andre sosiale aktivitetar.

Gruppetimer

Frisklivssentralen arrangerer også styrketrening kvar tysdag kl. 13.00 og balansetrening kvar torsdag kl. 14.00 på fysiorommet på Vangsheimen. Dette er for alle som vil vera med!

Det jobbast i kulissane med oppstart av andre gruppetreningstilbod, og desse blir det informert om gjennom Facebooksida til «Frisklivssentralen i Vang», brosjyrar, fysioterapeut, psykisk helseteneste og helsesjukepleiar på skulen.

Caroline sit både på kommunehuset og 2. etg på Vangstunet, og kan bli nådd på tlf. 91 12 75 49.



Tekst: Caroline Marlen Solie Bryntesen
Foto: Ida Nordland Hillestad, Innvangsjon

Seinsommartur til Jonskør

med Vang pensjonistlag

23. august reiste 40 forventningsfulle personar på tur til Jonskør som ligg på 1200 m.o.h. Dette er stølsområdet til Strøndingane i Øvre Dalen. Der støla dei om sumrane med kyr, kalvar og andre dyr, og der vart mjølka til ost, smør og andre gode ting. Slik er det ikkje no, men stølane ligg der og blir brukte til utleige for dei som er glad i fjell og natur. Det er også dei siste åra kome til to nye utleigeobjekt, såkalla «domar»: «Lyngen» og «Fjellbris». Det var desse nye, litt uvanlege «hyttene» som pensjonistlaget inviterte sine medlemmer med for å sjå, og også for å oppleve naturen og utsikta frå der oppe.

Dagen kom med eit strålende vær og gjorde sitt til at turen vart vellukka. Vi tok fyrste stoppen ved den nederste domen, «Lyngen», der det vart fotografert og diskutert kva dei heitte alle tindane som ein vanlegvis ikkje ser når ein er nede i bygda. Gerd ynskte velkomen på vegne av pensjonistlaget og orienterte så om det vidare programmet.

Øyvind og Åsmund Stende tok så over og fortalte om sitt arbeid og planar for turisme i dette området. Ein slik form for utleige er blitt veldig populær. «Når du ikkje veit kva du skal kjøpe som gåve til ein jubilar eller i ei anna anledning, kan du for eksempel gje eit gavekort på eit opphald her i ein av domane», sa Åsmund.

Etter ei god stund ved «Lyngen» bar det vidare til neste dom, «Fjellbris», og stølane som ligg i nærleiken. Nokre tok beina fatt, andre tok bil opp. Her frå «Fjellbris» var utsikta endå flottare. Til og med var badestampen oppvarma, men berre ein person hoppa oppi og syntest det var vidunderleg .

Nokre av personane som var med denne dagen, fortalte at dei var med under anleggsperioda i 1970-åra, men kjende seg nesten ikkje att, fordi skogen hadde overteke mykje av områda som på den tida var snau fjell. Fleire tok seg korte spasserturar og besøkte også pumpestasjonen til Yljakraftverket, der arbeidarar akkurat då var iferd med vedlikehaldsarbeid. Sauer og storfe som beita der oppe, var storleg forbausa over å få så fint besøk.

Snart bar det ned att til «Lyngen». Der venta rummegraut og spekemat med tilbehør, og kaffe. Etter ei god matøkt, god prat, og endå meir fotografering senka roa seg over området, og tid for heimreise nærma seg.

Om nokon kunne tenkje seg å vere med på turar og andre ting som pensjonistlaget arrangerer, så meld deg inn som medlem i laget, ved telefon til leiar Gerd, 976 54 892 eller til Pensjonistforbundet.no.

Takk for ein triveleg dag!

Tekst: Gerd Marken
Foto: Magnor Wigdel




Korprosjekt i Heensåsen kyrkje

Dette er eit nytt trusoppplæringstiltak, så vi var spente på om det ville slå an, og det gjorde det! Ni flotte og livlege ungar var med og lagde kor ein laurdag i oktober. Planen var avansert: dei skulle lære seks songar – utan å ha teksten på ark – og halde konsert på slutten av dagen. Dei var flinke og lærelystne, så det gjekk som ein lek. Men det var ikkje berre songane som skulle «sitte». Vi øvde på å gå inn og ut, og å bukke samtidig. Anne stilte med heimebaka horn og litt frukt, og pizza henta vi på Mjøsvang.

Ungane var spente då publikum strøyma på. Dei vart møtt med fin musikk i våpenhuset, alle fekk salmebok med merketråd ved salmen som dei skulle vere med på, dei fekk teikningar med helsing frå koret og vart ønska velkomen til konsert. Det var tydeleg at publikum likte konserten, for det var god applaus etter kvar song og lovord når dei gjekk ut. «Takk for at du kom», var helsinga frå koret då dei gjekk att. Og vi var einige om at dette vil vi gjere neste år også, for dette var moro!

Her er glimt frå dagen:

Tekst og bilde: Guro Hovda



Barndomsminne

Barndomsminne har dei fleste av oss. Mange har diverre sære og vonde minne, men mange har heldigvis gode minne, morsomme minne, minne som har brent seg fast og kan gjengjevast. Og da er det svært tydeleg korleis tidene har endra seg frå besteforeldregenerasjonen var små og til i dag.

Harald Olav Jevne fortel gjerne frå skuletida. Han gjekk i Torpe skule, som låg om lag 3 km frå heimen i Tveitaron. Harald var jamgamal med Berit Rogn og Helge Bakken, så desse tre hadde følge på skulen gjennom heile skuletida. Skulebuss fanst ikkje – dei måtte pent gå denne strekninga. I sommarhalvåret og når det var skiføre om vinteren gjekk dei helst gjennom skogen, for det var stuttast. Det var ingen som tenkte at dei kunne møte elg eller andre ville dyr. (Var det nokon som snakka om farleg skuleveg?) Etter som dei vart eldre, gjekk dei dels over til sykkel eller spark som framkomstmiddel. Var det rufsete vår vinterstid, sala Ola Rogn, far til Berit, på hesten og kørde dei. Han var snill, Ola! Og så tilbrakte han gjerne dagen med kortspel hos bror sin i Rogn – så ungane var ekstra sæle når dei da fekk aka heimatt også. Men elles måtte dei gå, anten attende gjennom skogen eller langs landevegen, Rv 60, som no heiter E16. Da henta dei ofte posten med det same, for det var brevhus i Vangsnes. Det var butikk også, og der kunne dei handle godteri om dei hadde peng. Toppen var når dei fekk kjøpt ein sigarett – den kosta 15-20 øre. Tobakkskadelova var ikkje påtenkt på lenge enno, sigarettøyking var ikkje farleg, og det var nok ikkje aldersgrense for å kjøpe røyk.

Torpe skule var todelt. 1.-3. klasse gjekk tysdag, torsdag og laurdag, medan 4.-7. klasse gjekk dei andre dagane. Berit, Helge og Harald hadde same lærarinne (som det heitte den gongen) alle sju skuleåra. Det var Borghild Kvam. Ho var gift med onkelen til Harald og Berit, men dei hadde ingen fordel av det, meiner Harald. Borghild var ei dyktig lærarinne. Spesielt var ho god i rekning, og dette faget lærte alle elevane hennar godt. Ho var streng også, fortel Harald. Særleg likar han å fortelje om den gon-



Skulebilde Torpe skule 1954-55

gen han hadde med munnspel på skula. Dette vart jo ikkje godtake. Søskenbarnet Helge T. Jevne, som hadde fyringsvakt på skulen – ja, varmekjelda var sjølsagt vedomn – spelte på munnspelet før skuletida starta og la det frå seg på kateteret da Borghild kom inn. Harald måtte pent innrømme at munnspelet var hans, så han måtte sitje att, sjølv om han ikkje hadde spelt ein tone på det på skula. Det har han aldri tilgjeve henne – og no er det vel seint. Ein gong hadde Harald tjuvlånt klokka til far sin – den var jo ikkje i dagleg bruk – og såg nok på klokka tidt og ofte. Men da dagen var slutt, sa Borghild: «Du treng ikkje ha med deg klokke, Harald – eg har klokke, eg.»

Men når Harald var på besøk i Kvam, var Borghild korkje lærarinne eller streng, og det var berre koseleg å koma til Kvam.

Småguten var småramput og freistefulle, heller meir då enn no. Og ingenting var farleg den gongen, sikringsutstyr fanst ikkje, så moglegheitene for å utfalde seg var større. Harald fortel t.d. at når dei var med og lasta sand frå sandtaket der Tveitabru sag er no, fekk dei aka på lastebilplanet utan nokon form for sikring (det skulle ha vore i dag!) Når lastebilen var i fart, kasta dei ofte stein for å prøve å råke trær etter veggen. Rart det gjekk bra!

Ein av onklane til Harald jobba i E-verket, og ein dag hadde han lagt att stolpeskoa sine da han slutta for dagen. Dei måtte prøvast! Harald oppover i stolpen – men så miste han eine skoen! Då var gode råd dyre, for å gå i stolpe

med berre ein stolpesko, er ei øving for vidarekomne. Til alt hell var han ikkje komen så langt opp i stolpen, så en jamnaldring greidde å setje skoen slik at han fekk trådd ned i den og kom seg ned att. Da mor og far hans fekk greie på hendinga, måtte han gå til Ola onkel og be fint om orsaking. Dette var nok mest som eit varsel til E-verket, at slikt ikkje måtte skje – men det har nok Harald kome på lenge etterpå.

Det var nok moro å drive litt ap med andre. E-verket hadde transformator ved Tveitabru sag, men smågutane viste kvar nykkjelen til brytaren låg. Så eit ynda tidsfordriv var å slå over brytaren, slik at heile Tveitaron og langs Tveitmoane vart mørklagt. Men dei passa godt på å slå inn att straumen før nokon fann på å ringe til E-verket – dei fleste hadde ikkje telefon heller, forresten!

Heldigvis var det ikkje berre rampestrek. Begna var fullare av fisk den gong enno, trur han, så fising var moro. Rett som det var, fekk dei fisk. Men den som verkeleg hadde oversynet og kunne dette med fising, var Helge L. Tveit, bestefar til Helge. Han budde jo på elvekanten og hadde fiska mykje. Så han såg på vårdraget når det var fisk å få. Dette er nok kunnskap som har gått i gløymeboka, dessverre. Ein dag fekk Harald fiskekrok i fingeren. Den gjekk han med heile dagen. Gamle doktor Riiber hadde «døkttermøte» i Øye den dagen og fekk fjerna fiskekroken på heimveg frå Øye. Mjølkerampa i Tveitaron tente som operasjonsbord.

Ei anna oppleving i ungdommen har

festa seg i minnet til Harald. Da han gjekk på framhaldsskulen på Fredheim, måtte han eit naudsynt ærend i ein sløydtime. Men da han passerte klasseromsdøra der Harald Hommedal underviste, vart freistinga for stor. Han berre måtte banke på og skunde seg derifrå, ned i kjellaren. Så datt han likegodt ned kjellartrappa og skadde ankelen, og dermed vart han sjølvsgatt avslørt. Vel heime var det nok lite trøyst å få. Ankelen var vond heile helga, men far meinte det ville ordne seg – han kunne jo trø på foten! Men mandagen tok han bussen til Fagernes, med Helge Bakken som trufast følgesvesen, og fekk påvist brot i ankelen. Og gjett om far vart lang i maska da han kom attende med drosje og sjåføren bar han inn i stova med gipsa fot!

Ein annan hending på framhaldsskulen var da han i gymtimen på Torsheim sparka hardt til ein ball så den flaug gjennom rommet og knuste ei glasrute. Det var sjølvsgatt ikkje med vilje, men han måtte sjølv koste ny rute til 8 kroner og setje den i.

Konfirmasjonstida med pastor Aas og jamaldringar frå heile kommunen baud på fleire opplevingar. Undervisninga føregjekk i Vang kyrkje, og ungdommane var der fleire timar kvar dag i nokre veker. Presten var heimatt i prestegarden og åt middag, og medan katten var borte, dansa musene på bordet. To av konfirmantane rauk i saman ein gong, og den eine ville døype den andre. Rundt kyrkja bar det med bae to, den bakarste med mugga for dåpsvatn – og så kom Aas! Han sette slettes ikkje pris på dette opptrinnet, så det vart ein oppvask i kyrkja etterpå. Sjølv skadde Harald ein finger på ein av desse undervisningsdagane. Han heldt att ein jentesyssel og skar opp fingeren. Så etter at undervisninga var ferdig for dagen, bar det på sykkel til Volden til doktor Riiber for å bli sydd.

Konfirmantturen til Bergen, som Aas tok initiativet til, var ei stor oppleving for desse ungdommane. Dei reiste med buss til Gol, så med tog til Granvin og buss vidare til Bergen. Det var overnattingar på Kvamsskogen og i Bergen. Heimturen gjekk med båt frå Bergen til Lærdal. Dette var ei stor oppleving for «heimfødningane» frå Vang. Jo lenger vi pratar om barndomsminne,



Torpe skule anno 2023.



Når Ola Rogn skulle køyre mor si, Ingrid, på stølen, vart det med seks unge passasjerar frå Tveitaron i traktorskuffa. Bak frå venstre: Ola Ingvar Jevne, Ingrid Rogn Tveit, Nils Arne Jevne, vesle Ola H. Rogn ved rattet med onkel Ola O. Rogn bakarst. I skuffa: Inger Ødegaard, Berit Ødegaard, Ivar Bakken. (Det var den tidas transport!)

jo fleire dukkar opp. Han Harald meiner at det dreidde seg nok mest om gutestrekar som ikkje var så vondt meint, sjølv om tveitaroningane i mørklagde hus kanskje ikkje såg akkurat slik på det. Men mange gonger gjekk det nok like mykje ut over han sjølv, later det til. Og erfaring fekk han – både om

godt og gale!

Og no sender Harald stafettpinnen vidare: det må vere mange som har barn-domsminne som dei vil dele med andre!

Tekst: Sidsel Offergaard Jevne
Foto: Privat

Helsing frå Vangsheimen

Me har no i fleire omgangar skreve om kva me driv med her på Vangsheimen. Denne gongen ynskjer me å beskrive korleis me er organisert på Vangsheimen.

Helse og omsorg i Vang er ein veldig stor etat. Under denne etaten finn ein:

- spesialisthelsetenestene, helsestasjon, friskliv, legetenesta, fysioterapi, ergoterapi, psykisk helseteneste og folkehelsekoordinator
- Miljøtenesta
- Vangsheimen

Leiaren for helse og omsorg er Guro Råheim Kvam og rådgjevar er Joanke Tito. Dei har kontora sine på komnehuset.

Vangsheimen består av tre avdelingar, heimesjukepleie, heimhjelp, omsorgsbustadar, dagsenter, vaskeri, reinhald, vaktmeister, kjøkken og administrasjon. Det er ca 100 tilsette. Me har ein felles leiar som heiter Stine Solemsli. Stine er utdanna kreftsjukepleiar og flytta til Vang med mann og barn i 2018. Ho tok over som leiar for institusjon og heimebaserte tenester (IHT) i 2022.

Vangsheimen sine tre avdelingar er: Langtidsavdelingane Midtgarden og Nordigarden, og Uppigarden som er ein korttids- og rehabiliteringsavdeling. Uppigarden er integrert med heimesjukepleia.

Midtgarden er ei langtidsavdeling med plass til åtte pasientar. Dei som har utfordringar med det kognitive, bur som regel her. Det er 18 personar som arbeider fast her. Avdelingsleiaren heiter Rita Helen Dalemark.

Nordigarden er og ei langtidsavdeling med plass til åtte pasientar. Dei som har somatiske utfordringar, bur her. Det er 20 personar som arbeider fast her. Avdelingsleiaren heiter Birgit Remmen.

Uppigarden Heimesjukepleia er ei korttidsavdeling. Her er det pasientar som av ulike orsakar er inne på kortare opphald. Det er til dømes etter sjukehusopphald for rehabilitering, avlast-

ning og trygghetsopphald. Mange av dei som jobbar på Uppigarden, jobbar og ute i heimesjukepleia. Det er ca 30 personar som arbeider her. Avdelingsleiar for avdelinga er Unni Sandsengen, og avdelingsleiar for heimesjukepleia er Guro Løken Helle.

Omsorgsbustadar: Vang kommune har to bustadar i Ryfoss, seks i Prestegardstigen og sju i Storplogen, som både ligg nær Vangsheimen. For å få leige ein omsorgsbustad må ein søke om dette.

Dagsenter: Me har to dagsenter, det er dagsenteret på Vangsheimen som er open to dagar i veka, og dagsenteret på Solgløtt som er open to dagar i veka. Solgløtt er i Storplogen. Det er fem personar som er fast tilsette på dagsentera. Koordinatoren for dagsentera er Lene Johansen, som starta i stillinga 1. oktober 2022.

Heimhjelp: Det er fire personar som har fast stilling som heimhjelp i Vang. Dei har Guro Løken Helle som leiar.

Vaskeri: Vangsheimen har eige vaskeri med to tilsette i fast stilling. Dei har opent fire dagar i veka.

Reinhald: Fire fast tilsette jobbar i reinhald på Vangsheimen. Dei har kvar sine avdelingar dei vaskar tre dagar i veka, og dei andre dagane er dei på resten av huset. Dei står og for flott pynting av Vangsheimen heile året.

Kjøkkenet: Det er fire ansatte som har fast stilling på kjøkkenet på Vangsheimen. Dei tryllar fram dei lekraste rettar kvar einaste dag til avdelingane, omsorgsbustadane og dagsentera. Me har og matombringing tre dagar i veka, der me har to frivillige karar som køyrer ut middag til dei som bur heime. Dette er ei teneste som mange benyttar seg av, og det er me glade for. Kjøkkensjef er Jan Håheim.

Vaktmeister: Me har eigen vaktmeister på Vangsheimen som heiter Lars Øyvind Hovda. Han er på Vangsheimen alle vekedagar.



Vangsheimen, hovudinngang.



Stine Solemsli



Kjøkkensjef Jan Håheim

Administrasjon: Vangsheimen har to tilsette i administrasjonen. Dei sit i resepsjonen på Vangsheimen og kan svare på det ein lurar på. Det er Gullborg Berge og Anne Berit Hemsing som arbeider der, og kontoret er bemanna alle vekedagar.

Me som jobbar på Vangsheimen er stolte av den flotte arbeidsplassen vår og har alle eit felles mål: Me gjer alt me kan for at dei som bur her, pårørende og dei heimebuande skal ha det godt, bli sett og respektert. Me klarar ikkje å nå ut til alle, men om ein ynskjer å snakke med oss, er det berre å ta kontakt. Har ein behov for ei teneste, er det berre å søke.

Me har fått nye telefonnummer:

Uppigarden /kortid: 480 91 768
 Midtgarden langtid: 480 08 079
 Nordigarden langtid: 477 15 318
 Sentralbord Vangsheimen: 61 36 95 30
 Kjøkken: 469 02 058

For Vangsheimen
 Rita Helen Dalemark



Leva heile livet

Vi har skrive om prosjektet Leva heile livet i påskeutgåva av menighetsbladet dette året. Her kjem ei oppdatering. Det vart gjennomført fem gjestebod i juni i år. Kwart av gjesteboda fekk ei liste med spørsmål om «leva heile livet».

I alle gjesteboda var det gode drøftingar med fokus på deltakarane si eiga framtid som senior. Prosjektgruppa fekk nyttige tilbakemeldingar. Mellom anna om å bu sentrumsnært eller leggja til rette sin eigen bustad. Å kunne vera sosial er viktig. Transport blir sett som utfordring når ein ikkje kan køyra bil lenger. Samtidig er innbyggjarar villige til å hjelpa kvarandre. Men det er litt vanskeleg å be om hjelp òg. For mange er den digitale verda ei utfordring.

Kommunestyret fekk ei orientering om utfordringane i framtida, og det vart vist til ei grundig kartlegging. Representantane fekk tilsendt ei skriftleg



Gullborg og Anne Berit



Solbjørg og Mimoza



Lars Øyvind og Hege



Velsmakande og sunn middag

Leve hele livet
 – en kvalitetsreform for eldre



oppsummering av gjesteboda.

Dessverre blir prosjektet bremsa av Skudshødnn, med fare for ras og flodbølge. Det er vanskeleg å jobba med byggeplanar akkurat no. Men prosjektgruppa kan jobbe vidare med satsingsområda som ikkje bli påverka av dette. Me takkar vertane og deltakarane på gjesteboda. Medverknad er viktig i prosjektet.

Er du interessert og har spørsmål, ta kontakt med prosjektleiar Joanke Tito. Ho har kontor på kommunehuset. Telefon 468 97 859 eller e-post: joanke.tito@vang.kommune.no

Helsing
 Prosjektgruppa Leva heile livet



Nokre endringar i gudstenestelista

Kveldsmesser

Den oppmerksomme lesaren av gudstenestelista vil sjå at fastegudstenestene på kveldar ikkje er med denne gongen. I staden vil me prøve kveldsmesse 1. nyttårsdag og open kyrkje 2. påskedag og 2. pinsedag i 2023. Så får me sjå om det er til glede og nytte for folket. Kom gjerne med tilbakemeldingar!

Julestemning i kyrkjene

Mange vil nok også sjå etter «Vi syng og spelar jula inn». Etter ein del om og men rundt mellom anna rullering mellom kyrkjene, har me som er mest involverte – sokneråd, dirigentar, organist og prest – komme fram til ein struktur som er forutsigbar og enkel å forhalde seg til: Vangskoret i Vang kyrkje, Fjellblom musikklag i Heensåsen kyrkje, Høre mannskor i Høre stavkyrkje, og Øye kyrkje har lysmessa med konfirmantane. «Vi syng og spelar jula inn» er blitt pussa opp og heiter no «Julestemning med i kyrkje».

Ellers er alt som før. Men bibellesinga på Heensåsen blir avvikla frå årsskiftet ettersom det var få som møtte opp på dette.

Andakter på Vangsheimen

No når me er ferdige med korona-til-



passingar, kan me kanskje slå eit slag for andaktane på Vangsheimen. Her møter dei som er på dagsenter og dei fastbuande på Vangsheimen kvarandre. Me er som regel rundt 20 personar kvar gong. Etter andakt, sang og musikk tar me ein kaffikopp saman.

Framover til påske er det andakt torsdagane 12. januar, 16. februar, 16. mars og onsdag 4. april (dagen før skjærtorsdag), alle dager kl. 13-14.

Eg vil tru alle er velkomne!

Ingebjørg Vik Laugaland

Helsing frå dei kyrkjeleg tilsette

Kyrkjesøkinga har gått ned dei siste åra, og på eit personalmøte reflekterte vi over dette. Vi ynskjer å minne om kva kyrkja kan tilby, kva ein kan oppleve/erfare der.

Alle vi som har jobbar i kyrkjene i Vang, ynskjer kvar og ein av dykk velkomne til gudstenester og andre arrangement! Kyrkjene tilhøyrer oss alle, og det er eit mål at alle skal kjenne seg velkomne og «heime», same kva for ei kyrkje ein kjem inn i.

I kyrkja kan ein vera stille, lytte, tenne lys, be og syngje om ein vil. Der tilhøyrer kvart enkelt menneske eit fellesskap, alle er unike og alle er like mykje verdt. For nokon er kyrkja ein stad der ein erfarer ro og høgtid, at noko er større enn ein sjølv. Nokon erfarer eit møte med Gud, gjennom liturgien og gjennom andre menneske.

Vi ynskjer alle ei god jul og vonar at vi sjåast i kyrkjene våre!



«Ny» julekrybbe i Høre

Ein ettermiddag sist i oktober, då skodda låg som tjukkaste graut rundt hus og tun, møttest nokre små og store i Høre stavkyrke for å undersøkje ei spennande eske henta på Høre skule. Så medan Marta og Ingebjørg drofta siste nytt frå bispkontoret, Hanne-Kjersti streva med stallkonstruksjonen og fotografen knipsa, plukka ungane fram den eine spennande figuren etter den andre. Til slutt, etter mykje latter og moro, kom ei heil julekrybbe på plass, men kanskje vart ikkje alle figurane like vel plasserte? No håpar vi at mange finn vegen til stavkyrkja no i adventstida og tek den flotte julekrybba vel imot.

Om lag år 2000 kjøpte dåverande rektor i Høre Mads Wangensten denne krybba av Ryszard Zajac. Og så lenge det var «lov» å bruke julekrybbe i kristendom-sundervisninga i skulen, var den plassert og brukt pedagogisk i 7.klasse heile adventstida. Etterpå vart den pakka ned og sett på loftet – og nesten gløymt heilt til «nokon snakka saman» og føreslo å plassere den i stavkyrkja. No vil nok Ingebjørg sørge for flittig og aktiv bruk i framtida.

Julekrybba skal framleis vera Vang kommune sitt eige men oppbevarast og brukast i Høre stavkyrkje.

Det er trekunstnaren Ryszard Zajac (f. 1951 i Jelena Gora i Polen) som er meister for julekrybbene, både denne i Høre og den i Vang kyrkje. Zajac studerte ved kunstskulen i heimbyen og vart utvist derifrå då han demonstrerte mot invasjonen i Tsjekkoslovakia i 1968. Så vart det studiar ved musikkhøgskulen i Jelena Gora og ny utvisning fordi han komponerte musikk og skreiv tekster som myndigheitene ikkje likte. I 1980 vart Zajac engasjert i restaureringsarbeid på Wang stavkyrkje og kom inn i den protestantiske kyrkjelyden der. Han vart etter kvart leiar av kyrkjekoret, eit verv han hadde i heile 27 år. I åra etter 1980 arbeidde han med treskulpturar i både stort og lite format, og arbeida frå han er å finne i kyrkjer og institusjonar over heile Europa.

Då Wang stavkyrkje i Polen hadde besøk frå Vang ein gong på 1980-talet,

fekk mellom andre Ingebjørg og Magnor Wigdel god kontakt med denne kunstnaren.

Hit til Valdres kom Zajac saman med representantar frå Wang kyrkje på gjenvisitt på 1990-talet ein gong, og sidan har han vore her ved fleire høve. Med god hjelp frå Ingebjørg og Magnor Wigdel har han hatt fleire større utstillingar her i landet, mellom anna på Walaker hotell i Solvorn og i Kristiansand, på Fagernes og sjølv sagt her i Vang. Det er nok mange eksempel på hans kunsthåndverk i Valdres-heimar. Her i Vang har kommunen kjøpt to store relieff, eitt skal vera på kommunehuset og eitt på VBU. I 1984 vart det reist fire utskorne figurar ved inngangen til VBU til å leike i og rundt. Desse er kalla Trolls og er nemnt i opplisting over større skulpturar frå Ryszard Zajac. Ryszard Zajac har dei siste åra delvis budd og arbeidd i Tyskland og Polen.

Tekst og foto: Bjørg S. Berge



Vil få fart på boligbygginga i Vang



Med fleire gode kompensasjonsordningar ønskjer no Vang kommune å få fart på boligbygginga og gjere terskelen for å ta steget litt lågare.

- Tanken er at dette skal vera eit positivt bidrag frå kommuna si side for folk som ønskjer å bygge her i Vang. Det er eit stort steg å etablere seg og byggje hus, og spesielt i ei litt ekstra tøff tid som no, seier Vidar Eltun, ordførar i Vang kommune.

Det er difor ekstra gledeleg at Vang kommune i juni vedtok å innføre ei rekke gode kompensasjonsordningar, som skal lette litt på trykket i ei tøff tid og få ned noko av byggekostnaden.

Og med denne gulrota, er håpet at fleire skal hoppe ned frå gjerdet og bygge draumeboligen i Vang!



Føssellie bustadfelt

Spent på responsen

Det har vore vanlig at kommuna har gitt tilskudd til dei som har bygd hus opp igjennom åra, blant anna tilskudd for livsløpsstandard. I tillegg har kommuna fleire gratistomter i heile bygda, som ein har kunna tinge på for å byggje.

- Desse tilboda har det vore mykje positiv respons på frå fleire. Difor er me jo litt spent på korleis responsen er på denne litt større kompensasjons-pakka, smiler Eltun.

- Det er jo vanskeleg å måle effekten av slike ordningar, men eg tenkjer at ein alltid er betre enn ingen. Og at om ein tek steget, kanskje fleire hiv seg på og pallen byrjer å rulle, legg han til.

Eltun understrekar at kompensasjonsordninga ikkje er retta mot ei spesiell målgruppe, men skal treffe alle som vil etablere seg i Vang. Det gjeld også dei som allereie bur i kommuna, men som kanskje berre leiger, at dei og kan bli freista til å byggje hus og bli endå meir etablert.

- Her er det rom og plass til alle, me skal ikkje gjere nokon forskjell på det. Me ønskjer oss ein jevn vekst i kommuna og håpar at dette kan vera eitt av tiltaka for det, seier han.

- Så blir det spennande i tida framover å sjå. Det kan jo hende me må justere desse ordningane etterkvart, om me ser at behovet er annleis. For det er tross alt det viktigaste, at dei ordningane me faktisk går for, treff godt, smiler Eltun.

Sjå moglegheita i Vang

Å ha jamn befolkningsvekst i Vang er eit viktig mål for kommuna. Anten du er heimflytter eller innflytter skal du vera like velkommen og føle at det er plass til deg her. Og du skal trivst, det er viktig!

- Etablering er veldig sammensatt, for det er ikkje berre bolig som er avgjerande for å flytte på seg eller komme heim. Det er mange faktorar som spelar ei rolle og er heilt avgjerande, seier Eltun.

- I bunn og grunn handlar det om å gjere Vang så bra som mogleg, på alle plan. Både med oppvekstvilkår, fritidstilbod, møteplassar og bolig, legg han til.

- Så trur eg mange har erfart no gjennom dei siste åra, at det kanskje ikkje er så hakkande gale å bu på bygda. Eg trur fleire ser moglegheita i Vang og distriktet ellers, og det er veldig positivt, smiler Eltun.

Tilskotsordninga består av følgende punkt:

- Kompensasjon for bygging av einebustad i Vang kommune på kr 250.000,- i tidsrommet 1. juli 2022 til 31. desember 2023. · Tilsegn om kompensasjon blir gjeve ved igangsettingsløyve · Utbetaling av kompensasjonsbeløp blir gjeve ved utsteding av ferdigattest.
- Bygging med utleigedel med kr

50.000,- i tidsrommet 1. juli 2022 til 31. desember 2023. · Tilsegn om kompensasjon blir gjeve ved igangsettingsløyve · Utbetaling av kompensasjonsbeløp blir gjeve ved utsteding av ferdigattest.

- Kompensasjon for bygging av bustader med fleire einingar på kr 200.000,- pr. eining i tidsrommet 1. juli 2022 til 31. desember 2023. · Tilsegn om kompensasjon blir gjeve ved igangsettingsløyve · Utbetaling av kompensasjonsbeløp blir gjeve ved utsteding av ferdigattest.
- Tomter i Føssellie som er seld innan 31. desember 2022 rabatterast med 50 %. Kontrakt må vere signert innan 31. desember 2022.
- Kommunestyret løyver inntil 2.000.000 kr frå post 1470.315.410, finansiert frå næringsfondet, til denne ordninga i 2022.
- For unge etablerarar t.o.m. 35 år gis ekstraordinær kompensasjon på kr 100.000 for bygging av einebustad med livsløpsstandard.

Innovangsjon
v/Ida Nordland Hillestad

FRIST
FOR INNSENDING AV
STOFF TIL NESTE UTGAVE
3. MARS

Løypestreng

- ein transportmåte vi
ikkje er kjent med lenger

På Vestlandet – i det bratte og vanskeleg framkomelege terrenget, kanskje frå ei frodig fjellhülle og ned til sjøen – var løypestreng i århundrer ofte einaste måten å frakte høyr og ved.

Her i Vang har denne metoda og vore brukt. Eg nemde det so vidt i stykket om vegen opp i Jonsskør. I Øye var det på alle Kasagardane løypestreng ned til garden for frakt av høyr og ved. Men det er lenge sidan dei gjekk ut or bruk.

Ole Tomas Oldre er eigar på Hamre nedre, på Vennis. Vi kom i ei samtale inn på løypestreng. Han fortalde at nordpå Tøso var det rester etter løypestreng som kjem ned i merket mellom Oldre og Hamre. Etter bestefar sin, Ole Oldre Hamre, kan Ole Tomas fortelja at då løypestrengen vart bygt – den var laga av ca 8 mm rundjern – drog dei dette oppover i handterbare lengder, hadde med transportabel esse som dei fyra opp og smidde saman lengdene. Kor langt opp strengen gjekk, veit ikkje Ole Tomas, men bestefaren fortalde og at krokane dei brukte til å hekte lasset på strengen med, gjekk så varme at dei ofte ikkje heldt meir enn ein tur.

Tøso (Tasadn) er omtala i Valdres Bygdebok A s.359. Etter jordeboka i 1615 var det fire eigarar som åtte tilsaman 11 skinn i Thossogøde. Seinare vart skylda mindre, uvisst kvifor. Frå gamalt har delar av Tøso høyr til under Hamre, mens plassen Tøso ei tid var under Høverstad. På 1800-talet var det ei tid to bruk, Nørdre og Søre Tøso. På Tøso var det ca. 15 da dyrka jord brukt som åker. Frå utslåttane gjekk det to løypestrenger. Fyrst ein frå Tasabotn ned til Stølskøre, so ein derifrå ned til garden. I Tasabøtte hadde dei eit mura legohus. Graset vart skøre med sigd, og ned att var dei berre når dei var matlause.

Tøsadn hadde fastbuande brukararar fram til 1905. Då kom Tøso inn under Øldre nedre – der Astrid og Ola P. Oldre er eigarar, og nabo med Ole



Tomas Oldre på Hamre nedre.

Eg kom på at Tomas Hillestad hadde nemnt løypestreng og tok så kontakt. Han og Berte er eigarar på Møsåker. Tomas fortel han har sett rester av løypestrengen. Oppe på Leirholshøgde, litt aust for Møsåkerstølen, er ein fjellknatt dei kallar Bulega, eit fint utsiktspunkt. Litt ned for høgste punktet meiner han at øvre festet for løypestrengen var. Nede på garden er ein stor stein som stoppa lassa når dei kom farande. Mor til Tomas, Anne Hillestad Møsaker, har fortalt ho hugsar lyden eller sangen i løypestrengen, lyden kom lenge før venda. Var det ved som kom, så gjekk noko sund og spruta til alle kantar når venda treffe steinen. Tomas meiner løypestrengen var 8-10 mm, lengda ca 700 m, og undrar seg på tyngde og korleis dei den tida klarte å spenne opp ein slik streng.

So kom eg på at Leine sørre og har eigedom i Skudshødn-området. Eg tok kontakt med Nils, han og Liv er dagens eigarar. Jau då, to løypestrengar hadde det vøre i bruk der. Ein med øvre feste oppi Kupa, oppover mot Skudshødn, og nerre feste litt ned for Bjødnhamar. Den andre hadde øvre feste uppi Døtte og gjekk nedover mot garden. Døtten var frå gamalt ein husmannsplass som seinare vart hausta høyr på.

Leine hadde, som dei andre på Vennis, støl på Sanddalen, men sist på 1940-talet syntest Margreta og Helge – foreldra til Nils – at det var for tungvint å vera på stølen der. Dei tok i bruk

Øygarden, ein plass i øverkant av garden som sikkert hadde vore vår- og hauststøl. For å få det lettare med frakt av mjølk og andre varer plukka Helge ned løypestrengen frå Kupa. Passe lengde stramma han så opp frå Øygarden og ned til gardstunet, laga noko å lesse i og monterte på ein trekkvaier og motor. Dette var i 1948, og no kunne Helge køyre varer både opp og ned frå Øygarden.

Er dagens brukar – Nils Leine – den einaste nolevande her i Vang som har sett løypestreng i bruk på sin eigedom?

Ivar Hemsing

Illustrasjonsfoto frå Romsdalsmuseet

Konsert

Jul med Valdresmål ... og meining

9. desember kl. 18.30 blir det konsert i Vang kyrkje. Musikarane er Gaute Lein Ausrød og Ørnulf Dyve – kjende frå valdresbandet Staut – og Kasper Dyve og Lars Isachsen Jemterud.

Dei ynskjer å formidle jul på valdresmål og med meining. Vi veit dei er gode med både musikk og tekstar, så dette kan bli fint å få med seg ein adventskveld.

Billettar kjøper du på
ticketco.event.no

Guro Hovda

Intervju med Marta Bjørnøy Lalim om Kyrkjemøtet

Du er delegat til Kyrkjemøtet. Kva vil det seie?

Det betyr at eg som folkevald til Hamar bispedømmeråd, representerer alle medlemmer i Den norske kyrkja som bur i Hamar bispedømme.

Kven representerer du?

Eg er vald inn frå lista til Åpen folkekirke, som er ei av tre lister i Hamar bispedømme. Dei to andre er Bønnelista og nominasjonskomiteen si liste.

Kva er Kyrkjemøtet?

Kort fortalt: Kyrkja sitt Storting.

Kva bestemmer de?

Kyrkjemøte bestemmer korleis kyrkja skal styrast. Vår oppgåve er å sjå kyrkja med eit overordna blikk, og alltid med lokal forankring.

Saker du vil trekke fram frå sist møte?

Den store saka på dette møtet handla om korleis kyrkja skal være organisert i framtida.

Me vedtok også ein viktig resolusjon mot krigen i Ukraina, der det vart lagt vekt på at flyktningar på begge sider av konflikten har rett på vern og respekt.



FAKTABOKS

- Kyrkjemøtet vart gjennomført 21.–26. september i Trondheim
- Kyrkjemøtet sine medlemmer er frå dei elleve bispedømmeråda i tillegg til leiar av Samisk kyrkjeråd, til saman 116 medlemmer.

Kva liker du med dette vervet?

Eg liker å vise at kyrkja har ein sentral plass i norsk samfunnsliv. Kyrkja er den største organisasjonen i Norge, med over 3,5 mill. medlemmer. Vervet inspirerer meg til å halde fram arbeidet med å sikre ei nær folkekyrkje der folk faktisk bur.

Ingebjørg Vik Laugaland

Foto: kirken.no

Ny biskop i Hamar

Kirkerådet har tilsatt Ole Kristian Bonden som ny biskop i Hamar bispedømme. Han overtar etter Solveig Fiske som nylig har gått av med pensjon.

– Det er overveldende, og samtidig et stort alvor å bli biskop i Den norske kirke. Jeg ser frem til å gå inn i denne viktige tjenesten med glede og forventning. Jeg vil videreføre Hamar bispedømme som folkekirkebispedømme, inn i en ny tid. Det sier den nytilsatte biskopen, som i dag prost i Sør-Østerdal i Hamar bispedømme.

– Hamar har fått en biskop som er likandes, glad i folk og glad i Jesus, sier Kirkerådsleder Kristin Gunleiksrud Raaum. – Den nye biskopen har et solid votum bak seg, med stort flertall av



de lokale stemmene og et solid votum i Kirkerådet. Han går inn i en stolt tradisjon av tydelige biskoper i Hamar.

Ole Kristian Bonden vigsles til biskop i

Hamar søndag 29. januar kl. 11 i Hamar domkirke, der H.M. Kongen deltar.

Fra Kirken.no

Foto: Joakim Mangen

Skulehuset i Øvre Dalen er 100 år i år

Det må i sin tid ha vært et svært moderne bygg med kjøkken og matsal i kjelleren, egen inngang til offentlig bad, skolesal i første etasje og leilighet i andre.

Da skolen ble nedlagt på begynnelsen av 60-tallet, ble bygningen brukt til møtevirksomhet, offentlig bad og bolig. Senere ble det barnehage.

Men det jeg husker aller best fra skulehuset er juletefestene på slutten av 50-tallet/begynnelsen av 60-tallet. Det var en magisk stemning med stort juletre, sketsj på scenen og servering i kjelleren. Fortsatt hang det gamle, sorte blendingsgardiner foran vinduene, og det var en innelukket eventyrverden å gå rundt juletreet med små og store og synge: Jeg er så glad hver julekveld ...

Skulehuset brukes litt enda, til møter og den slags. For noen år siden hadde idrettslaget en kjempedugnad: nytt takbelegg, veranda, nytt toalettanlegg, kjøkken og ballbinge. Og sist, men ikke minst, ble hele huset malt. Her er det mange som burde takkes, men ingen nevnt, ingen glemt.

Tekst og foto: Aud Kvale



Skulehuset på 60-tallet.



Skulehuset i november i år.

Kva slags kyrkje vil du ha?

Du kan påverke!

I 2023 skal vi velje nye sokneråd og nytt bispedømmeråd. Som medlem i rådet vil du ha innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di.



Soknerådet leier kyrkja der du bur. Oppgåvene er varierte innan tema som miljø og rettferd, musikk og gudstenester, barne- og ungdomsarbeid, jus og forvaltning m.v. Gjennom arbeidet i rådet kan du bruke talenta dine, bli kjend i nærmiljøet, legge til rette for kyrkja som kulturarena eller møteplass for barn og unge. Moglegheitene er mange.

Einaste krav er at du er medlem av Den norske kyrkja og ønsker å ta positiv del i nærmiljøet ditt.

Still til val, eller oppmod nokon du kjenner til å stilla. Ta kontakt med kyrkjekontoret innan 1. februar. Du finn meir informasjon om kyrkjevalet her: www.kyrkja.no/valg

Tekst: Hamar bispedømme v/Jorun Vang
Foto: Kirkerådet

Tusen takk til Ivar!

Den observante lesar av menighetsbladet har oppdaga spennende bilde på framsida av bladet dette året. Ivar Hagerup har take på seg denne oppgåva og skjøtta han svært bra. Eg har høyrte at bildet i haustutgåva har fått mykje merksemd – blitt reine snakkisen i Vang.

Ivar fortel at bildet er take med telelinse frå ytst på brygga hans nede ved fjorden, og med fokus på lia rett bak kyrkja. Litt spennande med ein annan vinkel enn den vanlege, og i tillegg verkar det litt som at kyrkja segler som eit «skip» i eit hav med bølger av haustfarger ...



Tusen takk for både dette bildet og dei to andre fine forsidebilda i menighetsbladet i år, Ivar!

Redaksjonen
ved Sidsel Offergaard Jevne

Kvamskleiva og gamle Kongevegen

Eg må nesten ha ein liten epistel om at denne vegutbetringa ikkje berre tek bort, men og gjev oss noko nytt og bra.

Det er slutt på å reise til Vangsnes for å handle, til gjengjeld må vi rett som det er til Fagernes for å få ordna både eit og anna. Då vil eg tru dei fleste har sett at oppe på jordvollen som er lagt mellom urda og vegen – frå nye busstoppen i Hugavika og sørover – er det no fin gangveg. Den rundar svingen og går heilt fram til Øylo, gamle skysstasjonen. Dette trur eg blir ein fin gåtur på gode sommardagar, så seta seg ned i tunet på Øylo, ta imot freden og roa slike gamle bygg gjev oss. Dette gjev oss både i pose og sekk, eller for legeme og sjel.

Det svært mange ikkje har sett, er den vesle gangvegen og trappetrinna ned mot vatnet, rett ut for tunelloppninga i Hugavika. Ein fin liten plass å sita undre seg over tilværet, gje sin kjære ein god klem, eller rett og slett nyte skvulpen av små bylgjer og fred. Du kan og velja ein dag med opprørt vatn, men eg átvarar ... bind deg fast, for her kan du blåse til fjords. Du veit aldri kva kant vinden tek deg. Frå gamalt sa dei: «i Hugavike æ det sjau vinda».

Gamle kongevegen ja, det æ visst forbudt o kjøyre der ... sjøl når dæ ska ryddast vekk skog før at turgåara ska få bære utsikt.

Det er noko dei kalla «Raue skrea» nord i ure, men før lang tid tebakke gjekk det ei liti skreo heilt syd i ure. Den fylde meste tå vegen, og nøkre tå kantsteino var og borte. 14.-21. okt. 1999 dreiv eg med ein 8 tonns beltegravar der. Lempa vekk nokre vindfello, rydda litt før inntaket på ei tå dei gamle mura stikkrenno, renska vegen før rasstein og la på plass nøkre av dei egna steinar til ny kant. Dette var på strekninge frå Utsikten til Sauebekken, og jobben var for Vang kommune ved kulturetaten.

På andre sida av Sauebekken til nord før Gile er det Sørre Kvam som er grunneigar. Då kongevegen vart avløyst av ny veg gjennom kleive, ville ikkje Kvam ha erstatning for grunnavståing. Dei forlangte heller å få att gamle veggrunnen,



Kvileplass i Hugavike



Gangveg frå Hugavike til Øylo



Gangveg frå Hugavike til Øylo

og det har dei papir på at dei fekk! På den strekningen går vi dermed ikkje på staten sin grunn, men på Sørre Kvam sin grunn.

Ha det i tankane når DU ferdast der.

Dette er og i Kvam sitt utmarks beiteområde, ver difor venleg å lat att grinder dersom det er slikt etter vegen.

Tekst og foto: Ivar Hemsing



BARNAS

Labyrint

Hjelp Kaptein Klo å finne skatten!




Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Prikk til prikk



Finn fem feil!

Her fortel Jesus ein historie til folket. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
Teikning: Asbjørn Tønnesen

Vits

- Kor kjem dei våte fotspora på teppet frå?
- Eg veit ikkje. Dei har følgd etter meg heilt sidan eg hoppa i den sølepytten.



God jul frå biblioteket og frivilligsentralen



Biblioteket kan og skal vere så mangt, det er ei teneste og ein plass for alle som er i Vang.

Ei viktig oppgåve for folkebiblioteka er å vere ein møteplass. Her er alle velkomne, og utover normal folkeskikk og bruk av innestemme, så krevst det ikkje mykje av deg når du er hjå oss. Du kan kome og skravle, lese aviser, låne bøker, bruke pc, skrive ut og skanne, få hjelp til forskjellig på internett, spele brettspel, eller berre nyte utsikten.

Vi er to fast tilsette på biblioteket no: Janne Colbjørnsen i 45 % og Marianne Riste i 100 %. Også er vi heldige og har med oss nokre gode hjelparar. Saman lagar vi mindre og større tilstellingar for vangsgjeldingane, alt frå dagsaktuelle bokutstillingar til litterære og kulturelle arrangement. Du må gjerne kome med ønsker om bøker og anna som vi kan kjøpe inn, eller forslag til arrangement!

Helsing Marianne og Janne (til høgre)




TV-aksjon

Årets TV-aksjon til Leger utan grenser er overstått, og frivilligsentralen, som har koordineringsansvaret i Vang, er godt fornøgd med gjennomføringa.

Vi hadde hoppedugnad og triksekonkurranse på Vinjerock sin marknadsdag, temakveld på biblioteket og bamsesjuehus i Høre barnehage.

Der hadde ungane med bamsane sine, som vart grundig undersøkt av doktor Mari. Dei som trengte det fekk plaster og bandasje, og nokre hadde hol og skader som vart operert av kirurgane Sigrid og Marte. Utruleg triveleg å få møte ungane og bamsane deira, og sette fokus på at alle treng hjelp frå ein doktor ein gong i blant!



Innovangsjon deltok på ringedugnad hos Avisva Valdres, VBU sette tematikken på dagsorden i ungdomsskulen, og både kommunehuset, legekantoret og Kontorfellesskapet 1724 arrangerte vaffellunsj til inntekt for aksjonen. Veldig triveleg å sjå at TV-aksjonen også bidreg til å skape gode møter mellom menneske!



Haustutstilling

Årets haustutstilling «Botsøvelser» opna 29. oktober. Tekstilkunstnar Eline Medbøe fortalte om verka sine og heldt etterpå bøtetreff, der ivrige deltakarar fekk gode tips og inspirasjon til å repa-

Totalt vart det samla inn kr 123.710,- i Vang, frå både næringsliv, kommunen, spleis og ikkje minst bøsseane.

TUSEN TAKK til 25 spreke bøssebærarar og fire dyktige områdeleiarar, vi set stor pris på den frivillig innsatsen de gjer! Og takk til alle som har gitt, og alle som har bidratt med blesting og aktivitetar i forkant.





rere sine favorittplagg. Utstillinga heng til midten av januar og er vel verdt eit besøk!

Ut året på biblioteket

Måndag 21. november inviterer vi til Dikt til lunsj. Janne vil lese dikt, medan du drikk kaffi/te og et nista di, om du har med den. Vi hadde det under Valdres litteraturfest, og det var stemning for fleire av same typen.

Laurdag 26. november og dei tre neste laurdagane i advent finn vi fram litt forskjellig til **juleverkstad**. Dette passar for barn ifølge med vaksne, og for ungdom og vaksne som har lyst til å vere kreative.

Onsdag 7. desember kl. 19 inviterer vi til den tradisjonelle **bokkvelden**. Før ordføraren deler ut prisen til årets positive vangsgjelding, vil Thor Gotaas for-



Gotaas. Foto: Ole Magnus Kinapel

telje om norsk skihistorie. Vi har inga aning om kven vinnar av årets pris er, men Gotaas kjenner vi til: han er forfatter og folkeminnegranskar og lidenskapelig oppteken av ski. Gotaas har over 40 bøker med folkloristisk vinkling på samvitet, om bl.a. ski og skihistorie, folkeminne og utedoar.

Tysdag 13. desember på føremiddagen lagar vi **luciestemning** på biblioteket, det blir lussekattar og kaffi/te, og kanskje ei lita overrasking.

Onsdag 14. desember kl. 19 blir det kviss på biblioteket. Spørsmåla vil handle om alt mellom himmel og jord, her er det allmenkunnskapen som skal til pers. Vi legg til rette for godlynt feide mellom naboar, generasjonar eller ulike arbeidsplassar. Meld på eit lag eller deg åleine og finn deg eit lag når du kjem, om du vil. Seinast måndag 12. desem-



ber kl. 20 vil vi ha minst 10-12 påmeldte for at vi skal gjennomføre kvissen to dagar etterpå.

I **romjula** går vi for julestemning med kort- og brettspel, puslespel, litt film og kanskje meir juleverkstad.

Opningstider i jula

Frivilligsentralen held stengt veke 51 og 52. I BUA er det i skrivande stund ikkje avklart – følg med på nettsida eller facebook!

Biblioteket har desse opningstidene:

- Fredag 23. desember 10-14
- Tysdag 27. desember 10-14
- Onsdag 28. desember 10-14
- Fredag 30. desember 10-14

Vi held stengt julaften, 1. juledag, 2. juledag, torsdag (5. dag) og nyttårsaften.

Helsing Marte Tangen og Marianne Riste

Bønn fra 50+

Herre, du vet bedre enn jeg selv at jeg blir eldre og at en vakker dag er jeg blitt gammel. Fri meg fra den ulykksalige uvanen å tro at jeg for enhver pris må uttale meg ved enhver anledning og om ethvert emne. Frigjør meg fra trangen til å ordne opp i andres saker. Gjør meg omtenksum, men ikke lunefull, hjelpsom, men ikke påtrengende.


Jeg synes det er synd å la være å dele min uhyre visdom med andre, men du vet, Herre, at jeg gjerne vil beholde noen få venner. Frigjør meg fra trangen til å komme med endeløse utredninger, gi min tanke vinger slik at jeg kan komme til saken. Forsegl mine lepper om alle mine plager og skavanker. De øker stadig, og det gjør også gleden ved å berette om dem til andre.

Jeg tør ikke be om så stor nåde at jeg skulle kunne finne oppbyggelse i å høre på andres lidelseshistorier, men gi meg i hvert fall tålmodighet til å utholde dem. Heller ikke tør jeg be om en bedre hukkommelse, men gjør meg mer ydmyk og mindre skråsikker når min hukommelse kommer i konflikt med andres. Gi meg den uvurderlige innsikt at det kan tenkes at jeg av og til tar feil.

La meg få være forholdsvis omgjengelig. Ikke så at jeg ønsker å være noen helgen – de helgener jeg kjenner, er temmelig vanskelige å omgås – men sure gamle mennesker er et av djevelens mesterstykker. Gi meg evnen til å se gode ting på uventede steder og begavelse hos uventede mennesker. Og gi meg, Herre, den nådegave å kunne fortelle dem det. Amen.

Tillagt en 1700-talls nonne
(hentet fra Berit Wenaas: Kjære kollega)

Den som kun tar spøk for spøk
og alvor kun alvorlig,
han og hun har faktisk fattet
begge deler dårlig.
(Piet Hein)



Høggravid og på flukt

Katerina frå Odessa flykta frå den grufulle krigen med babyen i magen.

– Det einaste eg ber om, er å føde i tryggleik, seier ho.

Ho hugsar godt den dagen krigen starta. Det var seint, og ho hadde lagt seg for kvelden. Brått blei ho riven ut av søvnen og vakna av kraftige skot.

– Eg visste ikkje kva som skjedde, og det var først morgonen etter at vi forstod at krigen hadde starta, fortel Katerina då vi møter henne på eit flyktningssenter i byen Lasi i Romania.

Frykta for barnet i magen

Nokre dagar seinare tok ho og familien den tunge avgjerda om å forlate Ukraina og kome seg i tryggleik. Med barnet i magen, som ho ville verne om for alt i verda, hadde ho dei siste dagane før flukta fleire gonger måtta søkje dekning i bomberom då sirenene byrja å ule.

– Eg fekk panikk og ville berre få babyen i magen i tryggleik. Eg klarte ikkje å slappe av før vi kryssa grensa, fortel Katerina.

Flukta tok henne hit til senteret i Lasi. Her får ho tryggleik, mat og omsorg. Det er godt å vite at ho no får all den hjelpa ho treng for å føde barnet sitt i trygge omgivnader. Her treng ho ikkje å frykte bomber og granatar frå krigsherjingane i heimlandet. På senteret her i Lasi bidrar Kirkens Nødhjelp med mellom anna mat og senger og med førebbyggjande tiltak mot menneskehandel.

Ein trygg fødsel

Katerina flykta frå krigen saman med mora, tanta og katten sin. Faren til den komande babyen måtte bli igjen i heimlandet. No sørgjer han for at dei ukrainske soldatane får matforforsynningar, men skulle situasjonen krevje det, blir han òg send til fronten.

Men først og fremst er Katerina takksam for at ho er i tryggleik her på senteret i Romania, og for at ho kan føde barnet sitt i trygge omgivnader.

– Eg vil reise heim igjen, men eg veit ikkje når det blir mogleg. Byen min har blitt øydelagd og må byggjast opp igjen. For meg er trygge omgivnader for barnet mitt det aller viktigaste no, seier Katerina.

Årets viktigaste julegåve

Vi skal snart feire jul, i takksemd og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein framand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar?

Jesus overlevde både fødselen og flukta den vesle familien måtte leggje ut på etter kvart. Vi går ut frå at spedbarnsdødelegheita var høg. Jesus overlevde spedbarnstida trass i den urolege verda han blei fødd inn i.

2000 år etterpå veit vi at nyfødde under 28 dagar står for nesten halvparten av dødsfalla blant barn under 5 år (tal frå 2019). Mange blir framleis fødte i



Slik gir du årets viktigaste julegåve:

Vipps eit valfritt beløp til 2426.

Send ordet GAVE på sms til 2426 og gi 250 kroner.

Gåvekonto: 1594 22 87248

Gi ei framtid i gåve!

krig og konflikt, med vassmangel, svolt og fattigdom.

Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse menneska. Vi kan vere med og gi nyfødde barn ei trygg framtid. Saman med deg og dei kan vi byggje fleire fødeavdelingar og sørgje for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning. Slik at fleire får fylle fem år.

Tekst: Markus Plementas

Foto: Håvard Bjelland / Kirkens Nødhjelp



Foto: Oddvin Almenning



Bruk bedriftene i bygda!

Ala Camping	93 42 94 02	Rogn Bil og landbruk	
Fosse Frisørstudio	94 89 12 05	v/Odd Harald Rogn	61 36 82 16
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Elektrisk Installasjon AS,	61 36 70 56	TK-Bygg AS	99 00 94 84
Elektromontasje	48 26 73 64	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
EI-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyin Filefjell Utvikling AS	61 36 77 48
Filefjellsenteret	91 34 64 91	Tyinkrysset Fjellstue AS	61 36 78 00
Grindaheim Bygg &		Tyinlam	99 46 61 15
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Heen Tre - Nils Harald Heen	90 93 29 57	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Hemsing Maskin AS	99 23 03 36	Vang Bunadsaum	41 56 07 59
IngWi modell	91 78 01 38	Vang Bygg AS v/John Myhre	97 51 95 37
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	Vang Grave- og Transport-	
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	service AS	95 87 90 04
Jotun Bygg AS	99 69 06 30	VangiValdres taxi	46 30 46 30
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Kampenes Begravelsesbyrå	61 36 17 70	Vang Rør	99 52 22 22
Mjøsvang Kafe	99 56 70 54	Øko-Nils	97 11 01 20
Montér Kvismo	61 36 81 85	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Pelssau v/Wangensteen	99 71 43 18		



*Slekters
gang*

Høre sokn

Døyp:

30.10: Ylva Reiten Helle

Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leirar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja. Søkjarane må vera frå Vang eller Vestre Slidre.

Søknad kan sendast til:

Torgeir Før's minne,
Ellestadvegen 34, 2967 Lomen
eller e-post:
torgeirforsminne@yahoo.no

Kondolanseskort

Kondolanseskort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger'n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing
Vang og Øye Sokneråd

Kondolanseskort

Kondolanseskort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing
Heensåsen og Høre sokneråd

MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgevar:
Sokneråda i Vang

Redaksjon:
Marianne Straum, Ivar Hemsing,
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:
Sidsel Offergaard Jevne
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:
Kyrkjeleg fellesråd
Kontonummer: 2146.30.04444

Bladpengar kr. 200,- og oppover
Annonsen kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.

*Redaksjonen
takker hjertelig*

- for alle innbetalte bidrag til drift av Vang Menighetsblad. For å holde dagens fargerike standard på Menighetsbladet er vi avhengig av at flest mulig lesere er villige til å bidra økonomisk. Bladpenger er kr. 200,- Bankgiro vil følge påskeutgaven. Alt. bruk kontonummer: 2146.30.04444

Riktig adresse: Utenbygds abonnenter som har fått ny eller endret adresse må melde fra om det. Er det noen som ikke ønsker å motta Menighetsbladet, er det fint om du sender oss en e-post, så oppdaterer vi våre registre: vangmenighetsblad@gmail.com

Takk for hjelpen!

Redaksjonen vil rette ein hjarteleg takk til alle bidragsytarar for godt lesestoff, flotte bilder og nyttig informasjon. Ein ekstra takk til Vang kommune for regnskapsføring, det er eit godt bidrag til drifta av Vang Menighetsblad. Takk til Ingrid Wigdel for god layout og Skrivargarden for godt samarbeid. Hjarteleg takk til sokneråda som organiserer utkøyring av Vang Menighetsblad, og hjartans takk til dei som køyrer ut.

Ein spesiell takk til våre sponsorar dette året: Vang Auto-service AS, Vang bygg AS, Hemsing Maskin og Øye Bygg og Bo.

Redaksjonen ynskjer alle ei gledeleg jul og eit godt nyttår!

Gudstenesteliste

Sundag 27. nov. - 1. s. i adventstida
Vang kyrkje kl. 11.00
 Gudsteneste m/nattverd med LysVaken
 v/spr. Laugaland og organist Budvtyis

Torsdag 1. des.- Andakt
Vangsheimen kl. 13.00

Søndag 4. des.- 2. s. i adventstida
Øye kyrkje kl. 19.00
 Lysmesse med konfirmantane

Onsdag 7. des. - Morgonsong
Vang kyrkje kl. 10.30

Fredag 9. des.- Konsert
Vang kyrkje kl. 18.30
 Jul med Valdresmål og meining

Søndag 11. des. 3. søndag i adventstida
Heensåsen kyrkje kl. 18.00
 Bibellesing

Tysdag 13. des.
Høre stavkyrkje kl. 19.00
 Julestemning med Høre mannskor

Torsdag 15. des.
Vang kyrkje kl. 19.00
 Julestemning med Vangskoret

Måndag 19. des. - Skulegudsteneste
Vang kyrkje kl. 9.30

Heensåsen kyrkje kl. 19.00
 Julestemning med Fjellblom musikklag

Fredag 23. des.
Vangsheimen kl. 13.00
 Julegudsteneste v/sokneprest Laugaland
 og organist Budvtyis

Lørdag 24. des. - Julaftan
Julegudsteneste v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvtyis

- Høre stavkyrkje kl. 11.00
- Heensåsen kyrkje kl. 13.00
- Øye kyrkje kl. 15.00

Søndag 25. des. - Juledag
Vang kyrkje kl. 12.00
 Høgtidsgudsteneste v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvtyis

Lørdag 31. des. - Nyårsaftan
Vang kyrkje kl. 17.00
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland
 og organist Budvtyis

Søndag 1. jan. - Nyårsdag
Heensåsen kyrkje kl. 19.00
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og
 organist Budvtyis

Søndag 8. jan. - Kristi openberringsdag
Vang kyrkje kl. 11.00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvtyis

Onsdag 11. jan. - Morgonsong
Vang kyrkje kl. 10.30

Søndag 15. jan. - 2. s. i openberringstida
Heensåsen kyrkje kl. 11.00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvtyis

Søndag 22. jan. - 3. s. i openberringstida
Høre stavkyrkje kl. 11.00
 Gudsteneste m/nattverd og dåp v/sokne-
 prest Laugaland og organist Budvtyis

Søndag 5. febr. - Såmannssøndagen
Vang kyrkje kl. 11.00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvtyis

Måndag 6. febr. - Samefolkets dag
Øye kyrkje kl. 19.00
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og
 organist Budvtyis

Onsdag 15. febr. - Morgonsong
Vang kyrkje kl. 10.30

Søndag 19. febr. - Fastelavnssøndag
Høre stavkyrkje kl. 11.00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvtyis

Onsdag 22. febr. - Askeonsdag
Heensåsen kyrkje kl. 19.00
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland
 og organist Budvtyis

Fredag 3. mars
Høre stavkyrkje kl. 19.00
 Kvinnenes internasjonale bønnedag

Søndag 5. mars - 2. s. i fastetida
Øye kyrkje kl. 11.00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvtyis

Søndag 12. mars- 3. s. i fastetida
Høre stavkyrkje kl. 11.00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvtyis

Onsdag 15. mars - Morgonsong
Vang kyrkje kl. 10.30

Søndag 19. mars - 4. s. i fastetida
St. Tomaskyrkja kl. 11.00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvtyis

Søndag 26. mars - Maria bodskapsdag
Heensåsen kyrkje kl. 11.00
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvtyis

Søndag 2. april - Palmesøndag
Haukåsen kl. 13.00
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland
 og organist Budvtyis

ingridesign

Trykk: Skrivargarden.no - Layout: Ingridesign.no

BYGGER'N

Øye Bygg & Bo AS

2977 Øye i Valdres

Tlf. hovedlager 61 36 87 68 / Butikk: 61 36 73 95
 post@oyebbygg.no · www.oyebbygg.no

- har betalt denne utsendinga av VANG MENIGHETSBLAD